


Mindre endringar på Gartneritomta

09.10.2009



Slik blir Gartneritomta etter endringane hvis dei blir aksepterte. Men no har Statens vegvesen sett ned foten for endra byggegrense.

Kvinnherad Bygg har, på vegne av Uskedalen Eigedom AS, søkt kommunen om løyve til å utføra mindre vesentlege endringar på eksisterande reguleringsplan for Gartneritomta.

Endringane er desse:

- * Heile området endrast til konsentrert småhusbebyggelse.
- * Utnyettingsgraden vert sett til 40 prosent BYA
- * Byggegrensa mot riksvegen vert sett til 12 meter frå senterlinje.
- * Byggegrense mellom eigedomar vert fjerna. Avstanden mellom bygga skal likevel vera meir enn 8 meter.

I dette området kan det oppførast tre tomannsbustader og eit rekkehus med 4 bustader i tillegg til etablerte bustader, heiter det i reguleringsføresegnene.

Rekkehuset skal stå til eksisterande bygg. Mønehøgd vert sett til 5 meter over terreng ved bygging.

Det skal vere plass til to biloppstillingsplassar til kvar bustad.

Leikeplass er sikra gjennom Uskedalen Oppvekstsenter.

Det skal etablerast felles miljøstasjon for alle bustadane i området. Fortrinnsvis skal denne lokalisera saman med parkeringsplass.

Av Ola Matti Mathisen